



Vedlegg	.....
Sak	.....

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Hovudutvalet for Teknisk og Næring	10.11.2009	066/09

Saksbeh:	Saka vert avgjort av:	Arkiv:	Arkivsaknr.
Svein Torger Guntveit	Hovudutval for Teknisk og Næring	N-634	09/612

## FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGER FJORDEN – HØYRINGSUTTALE FRÅ JONDAL KOMMUNE.

### Dokument i saka:

Dok.nr.	T	Dok.dato	Namn	Tittel
1	I	18.08.2009	Det kgl fiskeri- og kystdepartement	FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERTE VERKSEMD I HARDANGER FJORDEN

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Fiskeri- og kystdepartementet: Høyringsbrev - Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelateret verksemd i Hardangerfjorden.

### Saksopplysningar:

Fiskeri- og kystdepartementet vil fastsetje krav til akvakulturrelatert verksemd (fiskeoppdrett) i Hardangerfjorden.

Høyringsbrevet omhandlar fylgjande;

- Det geografiske og saklege verkeområdet for forskrifta
- Reglar om tak og biomasse
- Krav om godkjenning frå Mattilsynet ved flytting
- Krav til brønnbåtar

### Bakgrunn.

Hardangerfjorden har spesielle og særegne utfordringar, med mange lokalitetar og stor biomasse av oppdrettsfisk. Det har vore ei dobling av biomassen sidan 1997.

Samstundes er Hardangerfjorden av dei viktigaste fjordane for vill laksefisk i Hordaland. Tilstanden for laksebestanden er no vanskeleg, og sjøarebestanden i midtre Hardangerfjorden er på eit lågt nivå. Det er fagleg semje i forskingsmiljø og forvaltning om at lakselus og rømd oppdrettsfisk er dei viktigaste årsakene til problema for villfisken.

Fiskeri- og kystdepartementet vurderer det slik at situasjonen i fjorden krev spesielle forvaltningstiltak.

Det vert difor sett i verk tiltak for å "fryse" situasjonen, det er dermed ikkje mogleg å flytte inn ytterlegare biomasse i Hardangerfjorden. Fiskeridirektoratet fekk også i oppdrag å utarbeide eit forslag til nytt forvaltningsregime i fjorden.

#### Geografisk virkeområde

Hardangerfjorden, Klosterfjorden og Bømlafjorden – pga av straum vert også utvidingar vurdert. Det vert også vurdert å ta inn tre lokalitetar frå Ølen–Vindafjord.

#### Sakleg virkeområde

Forslaget er at forskrifta skal gjelde oppdrett av laks, aure og regnbogeaure. Marin fisk skal ikkje vera ein del av forskrifta. Men det går likevel fram av brevet at det vil vera uheldig å gje nye løyve til marin fisk (t.d. torsk og kvite) i området.

#### Avgrensing av produksjon

Avgrensingane er på to nivå:

Selskapsnivå, dvs kor mykje biomasse selskapet har lov til å ha i sjøen til ei kvar tid

Lokalitetsnivå, dvs kor mykje biomasse selskapet kan ha på den enkelte lokalitet til ei kvar tid

Der er mogleg med dispensasjonar, om det betrar "fiskehelse og miljø".

Tal frå Fiskeridirektoratet viser at det ikkje på noko tidspunkt i 2008 stod meir enn 48 357 tonn fisk i Hardangerfjorden. Forslaget er at summen på løyve på selskapsnivå i frå 2011 ikkje skal overstige 50 000 tonn MTB (maksimalt tillate biomasse), noko som vil innebere ein reduksjon på ca 20 000 tonn MTB i høve til total tildelt produksjonskapasitet i fjordsystemet.

I høyringsbrevet er det lagt fram to alternativ for reduksjon:

Alternativ 1. Oppdrettsnæringa sjølv går saman om eit forslag til korleis reduksjon i tillaten biomasse skal skje. Forslaget frå næringa skal vere "samstemt" – dvs 90% av oppdrettarane.

Alternativ 2. Fiskeridirektoratet vurderer alle løyve som er knytt til lokalitetar i Hardangerfjorden ut frå visse kriterium, som ansiennitet, høve til å flytte ut av fjorden og kor stor del av gitt biomasse som er brukt i fjorden dei seinaste tre åra før frysvedtaket.

Erstatning.

Reduksjon av MTB kan medføre at nokre verksemder blir nøydde til å flytte eller redusere heile eller delar av verksemda si. Kostnadane må anten dekkast av staten eller av oppdrettarane. Staten vil ikkje ha erstatningsansvar i ein slik situasjon fordi råderettsinnskrenkingar ikkje er erstatningsbetingande.

Departementet presiserer at MTB som ikkje kan nyttast i Hardangerfjorden, kan nyttast på godkjende lokalitetar i region Vest som ikkje er omfatta av verkeområde til forskrifta.

#### Brønnbåtar og transport av fisk

Ikkje noko nytt, men tilsvarende i hovudsak §§ 7 og 8 i forskrift frå 20.november 2007 nr 1315 om sone for å hindre smitte og bekjempe pankreassjukdom hjå akvakulturfisk. Det nye vil vera å vurdere søknaden om flytting opp i mot spreiding av lakselus. Etter § 8 kan Mattilsynet stille vilkår for å godkjenne flytting av fisk.

Det er forslag om at forskrifta trer i kraft frå 1.januar 2010.

Forskrifta vil verta oppheva når miljøtilhøva i Hardangerfjorden igjen kan forsvare auka oppdretteverksemd.

#### Økonomiske og administrative konsekvensar

Forvaltninga vil ha auka fokus på kontrollar og det vert større sakshandsamingsbyrde på Fiskeridirektoratet og Mattilsynet. Tildeling av nye havbruksløyve vert lagt til fylkeskommunen. Tilbaketrekking og endring av løyve vert lagt til Fiskeridirektoratet.

For næringa vil tiltaka på kort sikt kunna auka utgiftene for oppdrettarane, på lengre sikt føra til betre sjukdomstatus og helsetilstand hos fisken.

For miljøet vil tiltaka ha positive effektar på ville bestandar av fisk og miljøtilhøve generelt i Hardangerfjorden.

Frist for merknader er sett til 18.november 2009.

#### ***Vurdering:***

Forskrifta er ein konsekvens av tilhøva i Hardangerfjorden, der både forskinga og forvaltninga er samde om at lakselus og rømt oppdrettsfisk er av dei viktigaste årsakene til problema for vill laks og sjøaure i fjorden.

Føremålet og konsekvensane med forskrifta bør på lang sikt vera positivt både for miljøet og for oppdrettsnæringa, då betre fiskehelse også gjev betre økonomi for oppdrettsnæringa.

Jondal er ein av dei kommunane ved Hardangerfjorden, der akvakulturanlegga for laks ligg tett. Me har i alt 11 lokalitetar som har vore godkjende for oppdrett. Men etter utviding av anlegg og samanslåing til meir fisk i same anlegg, er det for tida oppdrett på 7 lokalitetar. I tillegg er det stort setjefiskanlegg i Herand, og på Kysnes eit blåskjellanlegg. Det er no ikkje torskeoppdrett eller oppdrett av kveite i vår kommune. Oppdrettsnæringa er såleis ei stor og viktig næring i vår kommune med viktige arbeidsplassar. Selskapa som har fiskeoppdrett i Jondal er Marine Harvest AS, Bremnes Seashore AS og Bolstad Fjordbruk AS. Alle desse har oppdrett også i andre kommunar.

Jondalselva er den einaste elva i kommunen med ein viss lakseførande strekning, ca 1 km. Her har fisket av laks og sjøaure vore viktig som rekreasjon, Jondal Jakt- og fiskelag har seldt fiskekort. Men etter at elva vart regulert på 1970-talet har fisket gått sterkt tilbake. Dei seinare åra har elva vore open for fiske i kortare periodar enn før, men det har vore svært lite fisk å få, og då gjerne oppdrettsfisk.

For Jondal kommune er det viktig å sjå heilskapen i den nye forskrifta, der ein tek med seg omsynet til fjorden og miljøet, og samstundes ser på rammevilkåra for oppdrettsnæringa i kommunen. Det er viktig at Forskrifta ikkje lagar så snevre rammer at kostnadene vert høgare og vilkåra for næringa dårlegare i Hardangerfjorden enn for verksemdene dei konkurrerer mot. Ein legg også vekt på tiltaka næringa har sett i verk dei seinare åra med systematisk avlusing og innføring av oppdrettsfrie soner i fjorden, såkalla "branngater", som dei meiner å sjå resultat av framover gjennom betre fiskehelse.

Forskrifta legg vekt på at frå 1.oktober 2011, så skal ikkje MTB overstige 50 000 tonn innafor området. I fylgje brevet frå departementet stod det ikkje på noko tidspunkt i 2008, meir enn 48 357 tonn i fjorden. Dette vil utgjere ein reduksjon på om lag 20 000 tonn MTB i høve til den samla tildelt produksjonskapasitet i det geografiske området til forskrifta. Forskrifta legg såleis opp til ein vekst i høve til eksisterande biomasse, men gjer det ikkje mogleg å nå opp i det tildelte produksjonsvolumet. Forskrifta viser til to alternativ når det gjeld etablere MTB på 50 000 tonn. Eit alternativ der næringa sjølv kjem med løysingar kor det skal gjerast, og eit alternativ som er basert på visse kriterium. Sakshandsamar ser fordelar med begge.

Ei frivillige løysingar basert på ei "samstemt" næring, kan gje god fordeling av tonn MTB, og næringa får eit eigartilhøve til det som vert vedteke sidan dei sjølve har vore med å utarbeidd løysinga, sjølv om det truleg krev ein del ressursar frå næringa. Alternativ to basert på meir "objektive" kriterium, krev meir av forvaltninga og kan om mogleg vera lettare å kontrollere. Ein vil tilrå at Jondal støttar alternativ 1 i lit til at næringa kjem til semje om dette.

Tidavgrensinga for forskrifta (pkt.3.5)kan verke litt uklar. Det er streka under at forskrifta skal opphevast når tilstanden på miljøet i fjorden er betre. Styresmaktene arbeider med å finne eigna indikatorar og effektmål som kan gje grunnlag for å vurdere når det igjen kan verta oppdrettsauke i Hardangerfjorden. Samstundes med dette vert arbeidt med indikatorar og effektmål for miljøet.

Det bør setjast konkrete tidsavgrensingar for når ein skal sjå på effekten av forskrifta, td. kvart andre eller tredje år.

#### TILRÅDING FRÅ RÅDMANN:

*– Jondal kommune ser det som positivt at det vert sett i verk tiltak som kan vera med å betra tilhøva for ei bærekraftig utvikling av Hardangerfjorden. Det er likevel viktig at forskrifta ikkje gjev dårlegare rammevilkår for oppdrettsnæringa i tiltakssona enn for fiskeoppdrett utanfor.*

*– Jondal kommune vil tilrå at alternativ 1 vert valt når det gjeld tiltak for ikkje å overstiga 50.000 tonn MTB (§ 6 i forskrifta).*

*– Jondal kommune ynskjer at forskrifta vert teken opp til revisjon kvart 2. eller 3. år for å vurdere effekten av tiltaka i forskrifta.*

*Ragnvald Joakimsen/kst. rådmann*

## 10.11.2009 Hovudutvalet for Teknisk og Næring

Leiar i utvalet, Kjellaug Hoås Samland, stilte spørsmål om ho var ugild i denne saka då ho er dagleg leiar i Marine Harvest i Herand. Forvaltningslova kap II "Om ugildhet" § 6 vart lese opp.

Røysting

Utvalet røysta og vedtok samrøystes at ho ikkje var ugild.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

### HTN-066/09 VEDTAK:

*- Jondal kommune ser det som positivt at det vert sett i verk tiltak som kan vera med å betra tilhøva for ei bærekraftig utvikling av Hardangerfjorden. Det er likevel viktig at forskrifta ikkje gjev dårlegare rammevilkår for oppdrettsnæringa i tiltakssona enn for fiskeoppdrett utanfor.*

*- Jondal kommune vil tilrå at alternativ 1 vert valt når det gjeld tiltak for ikkje å overstiga 50.000 tonn MTB (§ 6 i forskrifta).*

*- Jondal kommune ynskjer at forskrifta vert teken opp til revisjon kvart 2. eller 3. år for å vurdera effekten av tiltaka i forskrifta.*